

MELAND KOMMUNE  
 Postboks 79  
 5906 FREKHAUG

Dato: 20.04.2017  
 Vår ref.: 2017/3226-4  
 Saksbehandlar: kriange  
 Dykkar ref.:

Att. Jarle Lillemoen

## Velkommen som fagleg leiar i byggdriftarfaget

Som fagleg leiar har du ein viktig jobb å gjere, du har det formelle ansvaret for at opplæringa blir gitt i høve til opplæringslova med forskrifter. Dette inneber mellom anna

- å skrive under på lærekontrakten
- å utarbeide intern opplæringsplan
- å gi lærlingen opplæring i samsvar med læreplanen, syte for god progresjon og koordinere opplæringa
- å gjennomføre halvårsvurdering med lærling/lærekandidat og instruktør
- å sjå til at det vert gjennomført systematiske vurderingssamtalar minimum ein gong i halvåret
- å følge opp lærlingen/lærekandidaten sine fadrar og instruktørar
- å melde lærlingen opp til fag-, sveine- eller kompetanseprøve
- å ha kontakt og samarbeid med fylkeskommunen
- å samarbeide med opplæringskontoret

For at bedrifta skal få best mogleg forståing av lærlingordninga og dei rettar og plikter ein lærekontrakt fører med seg, inviterer vi deg og andre i verksemda til introduksjonskurs for nye lærebedrifter. Kurset kan gjennomførast enten som nettbasert opplæring, eller at de tek del på eit møte for nye lærebedrifter. Sjå lenkje til nettsidene våre under.

I tillegg er det eit krav frå Opplærings- og helseutvalet (vedtak 14. mai 2013) at det skal vere obligatorisk opplæring av faglege leiarar. **Du må difor gjennomføre HFK sitt eindags-kurs for faglege leiarar og instruktørar snarast, og seinast innan eitt år frå dags dato.**

Kurset er gratis. Meir opplysningar finn du i vedlagde hefte og på <http://www.hordaland.no/larebedrifter>. Du melder deg på via nettsida. Vi legg fortløpande ut nye kurs, og du finn kurs ulike stader i tillegg til Bergen, til dømes Voss, Hardanger og Stord. Alle instruktørar er også velkomne til kurset, men opplæringa er ikkje obligatorisk for desse.

Vi ønskjer velkommen som fagleg leiar og ser fram til samarbeidet.

Anne Sara Svendsen  
 leiar

Kristine Angelsen  
 rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

- Minnepinne med læreplan, eksempel på intern opplæringsplan mm.
- Invitasjon til kurs for faglege leiarar og instruktørar
- Informasjon om hospitering